

---

Saksnr: 2021/1750-30  
Saksbehandlar: Astrid Sundset Moe

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021

## Tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka - haust 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 50 000 fordelt slik:

Søklar	Prosjektnamn	Tildeling
Austevoll folkebibliotek	Ein møtestad for digitalt samspel i biblioteket	10 000
Bremanger folkebibliotek	OnsdaGame	10 000
Fitjar folkebibliotek	Workshop med bibliotekplanlegging på agendaen	Avslag
Gloppen folkebibliotek	Studietur: Fakta, fargar og fantasi i Bjørvika	Avslag
Kvinnherad bibliotek	Grab a book, or several - in English!	Avslag
Samnanger bibliotek	Læring og inspirasjon med bøker og konkretar	5000
Sogndal bibliotek	Kompetanseheving i biblioteket	10 000
Stryn bibliotek	Pop-up bibliotek i Stryn	15 000
Sveio folkebibliotek	Leseglede og digital nysgjerrigheit på Sveio folkebibliotek	Avslag

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søklarar for grunngjeving av vedtaket.

## Samandrag

Tilskotsordninga skal styrke biblioteket som møteplass og arena for formidling, inkludering, læring og debatt. Ordninga kan gi tilskot til kompetanseheving, tradisjonelle og nye bibliotektilbod og utprøving av nyskapande prosjekt og tiltak.

Det er kome inn ni søknadar med ein samla søknadssum på 224 000 kr. Fleire av prosjekta vurderast som gode, men får avslag eller lågare støtte enn det er søkt om. Det er tilrådd løyving på 50 000 til fem prosjekt/tiltak.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektørElin Golten  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Oversikt over søknadar

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det overordna formålet med tilskotsordninga er å styrke biblioteket som møteplass og arena for formidling, inkludering, læring og debatt. Ordninga kan gi tilskot til kompetanseheving, tradisjonelle bibliotektenester og gi høve til å prøve ut nyskapande prosjekt og tiltak.

Det utvida formålet i folkebiblioteklova stadfestar at biblioteka skal drive aktiv formidling, og vere uavhengige møtestader og arena for offentleg samtale og debatt. Med bakgrunn i lovendinga og det digitale samfunnet, er folkebiblioteka i endring mot å bli meir sosiale og digitale institusjonar. Endringane skapar behov for utvikling av bibliotektenestene, og ny dugleik og kompetanse blant dei bibliotektilsette.

Å delta i prosjekt er ein viktig måte å skape endring, utvikling og kompetanseheving. Ei undersøking til bibliotekleiarane i fylket frå 2020, viser at 85% av biblioteka har delteke i prosjekt dei siste 3 åra. Dei aller fleste opplever prosjektdeltaking som nyttig, berre 13% meiner det berre har noko nytte. 92% ønskjer hjelp frå fylkeskommunen til finansiering av prosjekt, men mange ønskjer også hjelp til idéutvikling, å finne samarbeidspartar, søknadsskriving og rådgjeving undervegs i prosjektet. Undersøkinga viser at dei største hindringane for å delta i kompetanseheving er økonomi og travel arbeidskvardag.

Tilskotsordninga gir folkebiblioteka høve til å eksperimentere og prøve ut idear gjennom kreative utviklingsprosjekt, og til å delta i kompetansehevande tiltak. Fylkeskommunen kan bidra med hjelp til å utvikle prosjekta og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål.

Gjennom tilskotsordninga vil vi bidra til å utvikle biblioteka som relevante kulturinstitusjonar som svarar på behov i lokalsamfunn, så vel som større samfunnsendingar. For å få til dette trengs samarbeid, kompetanseutvikling, nye aktivitetar og tilbod, og at biblioteka lukkast med å trekke til seg nye brukarar. Ordninga famnar difor breitt, og gir biblioteka rom til å sette i gang med prosjekt og tiltak som vil gi stor verdi for biblioteket og innbyggjarane i nærmiljøet.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok 13.1 retningslinjer og innretning for utlysing av tilskot til prosjekt og kompetanseheving i bibliotek for 2021 (PS 5/2021). På grunnlag av dette vart tilskotsordning lyst ut.

#### Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2021:	Sum kr 250 000
Søknadsfrist 2021:	1. mai og 1. oktober
Vedtak kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering 13.1 PS5/2021
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida
<b>Haust 2021</b>	
Tal på søknadar:	9
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	5
Samla søknadssum:	Kr 224 000
Samla løyving:	Kr 50 000

Avdelingsdirektøren sine overordna kommentarar til innstillinga

Kompetanseheevande tiltak og deltaking i prosjekt er viktig for å skape endring og utvikling i biblioteka. Søknadane viser at biblioteka i Vestland har gode tankar og idear om korleis dei vil fornye seg og spisse tilboda sine mot både eksisterande og nye målgrupper. Søknadane viser m.a. at det å legge til rette for lågterskelarenaer for spel og spelformidling er eit satsingsområde for biblioteka, slik det er også er for fylkeskommunen. I tillegg er kompetanseutvikling, litteraturformidling og oppsøkkande verksemd tema som går igjen i søknadane.

#### Vedtakskompetanse

Det blir gjort ei heilskapsvurdering av søknadane. Søknadane vert vurderte og prioriterte ut frå følgjande kriterium:

- Tiltak som har eit tydeleg føremål, med plan og budsjett
- Tiltak som viser nyskaping og utvikling i biblioteket
- Samarbeid med andre
- Geografisk spreining i fylket

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tiltaket er i samsvar med budsjett

**Klima:** Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima

#### **Folkehelse:**

Tilgang til gode bibliotektenester medverkar til å redusere sosial ulikskap, og kan påverke livskvaliteten til mange brukargrupper og bidra til inkludering og integrering. I Regional plan for folkehelse 2014-2025 - fleire gode leveår for alle heiter det at kulturopplevingar har positiv innverknad på folkehelsa.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket støttar FN sine berekraftsmål innanfor ein sosial dimensjon. Ordninga støttar opp om utviklingsplanen for Vestland sitt mål om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Ein av strategiane er at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar. Ordninga er med på å oppfylle målsetjingar i regional plan for Hordaland 2015-2025 og regional plan for kultur Sogn og Fjordane 2019-2027. Tiltaket bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidsetta Vestland.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren ser tilskotsordninga for prosjekt og kompetanseheving i biblioteka som eit viktig bidrag til fylkeskommunen sitt arbeid med å styrke biblioteka som relevante møteplassar og arenaer for formidling, inkludering, læring og debatt. Det vert løyvd til saman 50 000 kr til fem kommunar til prosjekt og kompetanseheevande tiltak.